



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 08.04.2019

Sak nr.: 18/9546-9

Internt l.nr.: 21833/19

Sak: 25/19

Tittel: Ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at ein tek inn følgjande nye overordna mål for kulturminnepolitikken:
 - Auka satsing på klimaførebyggjande tiltak for bevaring av kulturminna.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at ein i ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken greier ut følgjande:
 - Nye verkemiddel for at regionalt folkevalt forvaltningsnivå skal kunne ta vare på regionalt viktige kulturminne
 - Nye verkemiddel for å styrke handverkskompetansen og kompetansen på gjenbruk av eldre bygningsmasse
 - Nye verkemiddel for å bevare kulturminne og kulturlandskap i samband med kraftutbygging
 - Vidareføring og oppretting av fleire bevaringsprogram på kulturminneområdet
 - Auka satsinga på bevaring og utvikling av verdsarvstadane
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber også om at ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken omtalar og prioriterer auka satsing på kunnskaps- og kompetanseutvikling om kulturminne i kommunane, i frivillig sektor og i skuleverket.



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 19.03.2019

Sak nr.: 18/9546-8

Internt l.nr.: 13580/19

Sak: 21/19

Tittel: Ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at ein tek inn følgjande nye overordna mål for kulturminnepolitikken:
 - Auka satsing på klimaførebyggjande tiltak for bevaring av kulturminna.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at ein i ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken greier ut følgjande:
 - Nye verkemiddel for at regionalt folkevalt forvaltningsnivå skal kunne ta vare på regionalt viktige kulturminne
 - Nye verkemiddel for å styrke handverkskompetansen og kompetansen på gjenbruk av eldre bygningsmasse
 - Nye verkemiddel for å bevare kulturminne og kulturlandskap i samband med kraftutbygging
 - Vidareføring og oppretting av fleire bevaringsprogram på kulturminneområdet
 - Auka satsinga på bevaring og utvikling av verdsarvstadane
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber også om at ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken omtalar og prioriterer auka satsing på kunnskaps- og kompetanseutvikling om kulturminne i kommunane, i frivillig sektor og i skuleverket.

Saksbehandlar: Eva Moberg, Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 18/9546-7

Ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken

Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at ein tek inn følgjande nye overordna mål for kulturminnepolitikken:
 - Auka satsing på klimaførebyggjande tiltak for bevaring av kulturminna.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at ein i ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken greier ut følgjande:
 - Nye verkemiddel for at regionalt folkevalt forvaltningsnivå skal kunne ta vare på regionalt viktige kulturminne
 - Nye verkemiddel for å styrke handverkskompetansen og kompetansen på gjenbruk av eldre bygningsmasse
 - Nye verkemiddel for å bevare kulturminne og kulturlandskap i samband med kraftutbygging
 - Vidareføring og oppretting av fleire bevaringsprogram på kulturminneområdet
 - Auka satsinga på bevaring og utvikling av verdsarvstadane
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber også om at ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken omtalar og prioriterer auka satsing på kunnskaps- og kompetanseutvikling om kulturminne i kommunane, i frivillig sektor og i skuleverket.

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

1. Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
2. Stortingsmelding nr. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste
3. Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019 - 2027

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Regjeringa har starta arbeidet med ei ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken. Meldinga skal etter planen leggest fram for Stortinget våren 2020 og vil omhandle framtida si kulturminneforvaltning og betydning for samfunnet. Regjeringa ynskjer å bruke meldingsarbeidet til å skape større merksemd og debatt om kulturminnepolitikken. Eit ledd i dette er gjennomføringa av fire regionale innspelsmøte der forvaltninga, lag og organisasjonar fekk høve til å kome med innspel. Eit av desse møta vart halde i Førde 8. januar 2019.

Meldinga skal belyse korleis kulturminner, kulturmiljø og landskap er viktige ressursar for samfunnet i dag og korleis dei kan bidra framover, både i eit miljømessig, kulturelt, sosialt og økonomisk perspektiv. I meldinga vil ein legge vekt på at kulturminnepolitikken ikkje er noko som berre vedkjem dei spesielt interesserte, men at kulturminner finst overalt i landskapet som omgjev oss, dei høyrer til alle og angår alle. Det er av den grunn viktig for regjeringa at ein

framtidretta kulturminnepolitikk legg til rette for at alle kan ha høve til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminner, kulturmiljø og landskap.

Den nye kulturminnemeldinga skal byggje vidare på rammene som vart laga for den gjeldande kulturminnepolitikken i St. meld. Nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*. I tillegg vil den ta inn i seg ein del av dei nye utfordringane som samfunnet står ovanfor og som vedkjem kulturminne, kulturmiljø og landskap. Dette gjeld endringar som klima, urbanisering, demografiske endringar og aukande grad av ein digital kvardag. I ei tid med store demografiske endringar, både nasjonalt og på tvers av landegrensene, er kulturarven med på å styrke dialog, tilhøyr og identitet, samtidig som det gjev grunnlag for kunnskap og opplevingar. I ei tid der klimaendringane er ei av dei største utfordringane vi har, må ressurseffektivisering og gjenbruk vere berande prinsipp i framtida sin kulturminnepolitikk. Dei samfunnsøkonomiske realitetane og nye forvaltningsstrukturane vil legge viktige føringar for kulturminnepolitikken dei neste tiåra.

Fylkesrådmannen ser at kulturminna våre er verdifulle ressursar for å skape eit godt og inkluderande samfunn. Ein følgje av arbeidet med å nå dei nasjonale måla i stortingsmelding nr. 16 er at det har blitt ein auka satsing på bevaring og bruk av kulturminna. Fylkeskommunane er tett på kulturminna og på dei enkelte eigarane, noko som gjer at vi kan jobbe målretta for å bidra til å nå dei nasjonale måla innafør eigen region.

Samfunnet har endra seg sidan 2005 då *Leve med kulturminner* vart vedteken, den mest aktuelle endringa her er klimautfordringane som vi no står overfor. I dag ser vi korleis endringane i klima påverkar kulturminna og behovet for å setje i verk tiltak for å motverke skade og tap av kulturminne som fylje av endringane i klimaet.

På bakgrunn av dette føreslår fylkesrådmannen følgjande nye overordna mål for kulturminneforvaltninga knytt til klima og miljøutfordringane:

- Auka satsing på klimaførebyggjande tiltak for bevaring av kulturminna.

Vidare ser fylkesrådmannen 6 område der det er behov for ei auka satsing innan kulturminnefeltet og ynskjer at regjeringa vurderer å utgreie dette i arbeidet med stortingsmeldinga:

- Nye verkemiddel for at regionalt forvaltningsnivå skal kunne ivareta regionalt viktige kulturminne
- Nye verkemiddel for å styrke handverkskompetansen og kompetansen på gjenbruka av eldre bygningsmasse
- Vidareføring og oppretting av fleire bevaringsprogram på kulturminneområdet
- Nye verkemiddel for å bevare kulturminne og kulturlandskap i samband med kraftutbygging
- Auka satsinga på bevaring og utvikling av verdsarvstadane
- Auka satsing på kunnskaps- og kompetanseutvikling om kulturminne i kommunane, i frivillig sektor og i skuleverket

2. Bakgrunn for saka

Fylkeskommunane er regional kulturminnestyresmakt og har i dag eit delegert ansvar for store delar av kulturminnefeltet. Med regionreforma vil fylkeskommunane sitt arbeidsområde for kulturminna bli utvida med at nye oppgåver vert overført frå Riksantikvaren.

2.1 Nasjonale mål

I St. meld 16 *Leve med kulturminner*, hadde regjeringa fyljande strategiske mål:

«Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer skal forvaltes og tas vare på som bruksressurser og som grunnlag for kunnskap, opplevelse og verdiskaping. Et representativt utval av kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på i et langsiktig perspektiv.»

I tillegg hadde regjeringa tre nasjonale resultatmål:

Nasjonalt resultatmål 1:

«Det årlige tapet av verneverdige kulturminner og kulturmiljøer som følge av at de fjernes, ødelegges eller forfaller, skal minimaliseres. Innen 2020 skal tapet ikke overstige 0,5 prosent årlig.»

Nasjonalt resultatmål 2:

«Fredete og fredingsverdige kulturminner og kulturmiljøer skal vere sikret og ha ordinært vedlikeholds nivå innen 2020.»

Nasjonalt resultatmål 3:

«Den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige bredden i de varig vernet kulturminnene og kulturmiljøene skal bli bedre, og et representativt utval skal være fredet innen 2020.»

Regjeringa har følgd opp dei nasjonale måla med ulike satsingsområde. Mellom anna er Riksantikvaren sitt prosjekt Kulturminner i kommunane (KIK) oppretta for å bidra til å nå nasjonalt resultatmål 1, der ein ved å satse på kunnskapsoppbygging i kommunane og utarbeiding av lokale kulturminneplanar søkjer å minimere tapet av kulturminne og kulturmiljø. Vidare har det vore satsa på auka tilskot til private eigarar av freda bygningar, og gjennom eit eige bevaringsprogram har det blitt auke i tilskota til istandsetjing av dei freda bygningane som eit ledd i å nå nasjonalt resultatmål 2. I 2015 vedtok Riksantikvaren Fredingsstrategi mot 2020 for kulturminneforvaltninga som eit ledd i å nå nasjonalt resultatmål 3.

2.2 FN sine berekraftsmål

I 2015 vedtok FN sine medlemsland 17 mål for berekraftig utvikling fram mot 2030 som ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, motverke ulikskap og stoppe endringane i klimaet innan 2030. Målet er å få ei felles global retning for utviklinga. Fleire av måla er relevante i samband med den nye stortingsmeldinga om kulturminnepolitikken. I denne samanhengen er spesielt «Mål 11. gjøre byer og bosetninger inkluderende, trygge, motstandsdyktige og bærekraftige» med delmål «11.4 Styrke innsatsen for å verne om og sikre verdens kultur- og naturarv» viktige for arbeidet med stortingsmeldinga. Fylkesdirektøren ser at ei satsing på dei områda som er skildra i forslag til vedtak vil bidra til å nå dette målet.

Ein stadig aukande turismeindustri kan i nokon tilfelle vere utfordrande i med tanke på til bevaring av kulturminne. I vårt fylke ser vi dette tydeleg i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Fylkesrådmannen ser i denne samanhengen at FN sitt berekraftsmål «12. Sikre bærekraftige forbruks og produksjonsmønstre», med delmål 12.b «Utvikle og innføre metoder for å overvåke konsekvensene av en bærekraftig utvikling på en turistnæring som er bærekraftig, skaper arbeidsplasser og fremmer lokal kultur og lokale produkter» er eit bidrag til å ta vare på kulturminna i desse områda. Fylkesrådmannen syner til pkt. 3.5 i utgreiinga nedanfor.

Innan kulturminnearbeidet ser vi allereie i dag konsekvensane av klimaendringane. FN sitt «Mål 13. Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene og konsekvensene av dem» er såleis relevant for kulturminna. Delmål «13.2 Innarbeide tiltak mot klimaendringer i politikk, strategier og planlegging på nasjonalt nivå» syner til viktigheita av at ein i den nye kulturminnemeldinga har eit eige hovudmål knytt til klimautfordringane for kulturminna våre.

2.3 Regionale mål

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok i 2018 «Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027». Planen er førande for fylkeskommunen sitt arbeid med å følgje opp dei nasjonale resultatmåla for kulturminnefeltet. Det overordna målet med planen er Kultur for alle, - alle skal ha reelle høve til å delta i og bidra til kulturaktivitetar og arbeid og utvikling på feltet, og alle skal ha tilgang til kulturopplevingar av høg kvalitet. Planen har definert to hovudmål:

- Kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn
- Fylket skal ha regionale, nasjonale og internasjonale kulturelle kraftsenter

I høve til kulturminne vert dette konkretisert i planen under innsatsområde 2: Kulturarven. Følgjande hovudpunkt vil bli vektlagt i vårt arbeid framover:

- Sikre berekrafting og utviklingsretta forvaltning og formidling med vekt på kulturminna sin eigenverdi
- Utvikle verdsarvområda, stavkyrkjene, Gulatingsstaden, Kvernsteinsparken og Selje kloster som kulturelle kraftsenter
- Sikre kapasitet og kompetanse på kulturminneområdet i tråd med ny oppgåveoverføring frå staten
- Bidra til oppbygging av kulturminnekompetanse i kommunane
- Arbeide for å styrkje det statlege bevaringsprogrammet for verna fartøy
- Arbeide for eit bevaringsprogram for mellomalderkyrkjene
- Arbeide for eit bevaringsprogram for fyrstasjonane

Dei regionale måla for kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane kan sjåast på som ei konkretisering av dei nasjonale måla i Stortingsmelding nr. 16 Leve med kulturminner. I tillegg er det i planen peika på ulike kulturelle kraftsenter som har ringverknadar regionalt og som viser att i nasjonal og internasjonal samanheng. Fyljande kulturminne er peika på som kulturelle kraftsenter:

- Nikolai Astrup og Astrup-tunet
- Holvikejekta
- Kvernsteinsparken i Hyllestad
- Gulatinget
- Stavkyrkjene: Urnes, Borgund, Hopperstad, Undredal og Kaupanger
- Selje kloster
- Kongevegen over Filefjell
- Verdsarvstadane Urnes stavkyrkje og Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden
- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Den regionale planen for kultur har som målsetjing eit samfunn der alle som bur her kjenner seg heime og som er attraktivt for folk å flytte til, noko som gjer det viktig å leggje til rette for fellesskap og mangfald. I denne samanhengen er frivillig sektor ein stor ressurs som vi ynskjer å styrkje og samarbeide med.

3. Vurderingar og konsekvensar

3.1 Overordna mål for kulturminneforvaltninga

Dei nasjonale måla i Stortingsmelding 16 Leve med kulturminner, har vore gode og konkrete å arbeide etter. Fylkesrådmannen ser at ein ikkje vil nå måla innan 2020 sjølv om det har blitt gjort mykje. Fylkesrådmannen ser det difor som viktig at dei vert vidareført i den nye stortingsmeldinga, men at ein heller justerer tidspunktet for når måla skal vere nådd. I samband med tidfesting for måloppnåing av dei nasjonale resultatmåla er det viktig å hugse på at kulturminnefeltet alltid vil vere i endring og at tal og type verneverdige kulturminne vil stadig auke etter kvart som vi får ny kunnskap.

Samfunnet har endra seg vesentleg frå 2005 og til i dag. Klima og miljøutfordringane har auka vesentleg og vi ser i dag resultata av dette i form av auka havnivåstiging, bresmelting, flom og eit våtare klima. Dette gjev utfordringar for kulturminna og bevaring av desse. Den venta havnivåstiginga gjev utfordringar knytt til bevaring av kulturminne i strandsona, bresmeltinga fører til endringar i landskapet og automatisk freda kulturminne smeltar fram og kan gå tapt så lenge ein ikkje har noko satsing på å finne dei. Flomskadar på kulturminne med påfyljande tap av automatisk freda kulturminne har vi allereie fått fleire døme på i fylket.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert lagt til følgjande overordna mål for kulturminnepolitikken i Noreg i tillegg til ei justert vidareføring av dei eksisterande måla:

- Auka satsing på klimaførebyggande tiltak for bevaring av kulturminna

Fylkesrådmannen vil tilrå at det vert etablert følgjande nye tiltak for å nå dette målet:

- Prosjekt for systematisk dokumentasjon/innsamling av automatisk freda kulturminne som vert synlege som følgje av nedsmelting av breane
- Forskingsprogram for korleis ein kan beskytte nyare tids kulturminne mot klimaendringar
- Eige forskings og bevaringsprogram for kulturminne på kysten

- Registrering av flom og rasfare for freda kulturminne og iverksetjing av tiltak for å beskytte dei mest utsette kulturminna

3.2 Styrking av fylkeskommunane som regional kulturminnestyresmakt

I utøvinga av fylkeskommunen si mynde som regional kulturminnestyresmakt er vi tett på kulturminna, vi har eit særskilt ansvar for dei regionalt verdifulle kulturminna og førstelineansvaret for delar av dei automatisk freda kulturminna og for dei vedtaksfreda kulturminna. Utøving av mynde i medhald av gjeldande delegering og lovverk er ein vesentleg del av fylkeskommunen sitt arbeid som regional kulturminnestyresmakt. Fylkesrådmannen ser at det her er behov for fleire verkemiddel dersom vi skal nå dei nasjonale måla (både vidareføring av eksisterande og ev. nye) for ivaretakinga av kulturminna våre. Dette er ei særleg utfordring i områder som ikkje er regulert og i saker der kulturminna er av regional verdi. Der kulturminna er av regional verdi er fredingssak ikkje aktuelt, men samstundes er dette kulturminner som fylkeskommunen meiner er viktige å ta vare på for framtida. Vi har difor behov for at det vert vurdert virkemiddel som tek omsyn til bevaring av kulturminne av regional verdi.

I den samanhengen tilrår fylkesrådmannen at ein i den nye stortingsmeldinga utgreier fylgjande:

- Nye verkemiddel til regionalt forvaltningsnivå, slik at vi kan ta vare på dei regionale kulturminna.
- Nye verkemiddel til regionalt forvaltningsnivå for å ta vare på dei lokale kulturminna i LNF-område gjennom plan og bygningslova.
- Styrke fylkeskommunen som eit sjølvstendig forvaltningsnivå i fredingssaker. Fylkeskommunen må kunne starte opp fredingssaker utan å først få klarsignal frå Riksantikvaren. Riksantikvaren må her vere ein diskusjonspart i dei sakene der fylkeskommunane er usikre på om det skal startast opp fredingssak eller ikkje.
- Forvaltningsansvaret for dei listeførte og freda kyrkjene bør overførast til fylkeskommunane. Dette av di fylkeskommunane er nærare bygningane og kan såleis lettare fylje dei opp enn når dette ansvaret er hjå Riksantikvaren. Vidare vil dette føre til ei ryddigare forvaltning av kyrkjene ved at ein samlar alt forvaltningsansvar for kyrkjene hjå fylkeskommunane. Av same grunnar bør ein også vurdere å overføre forvaltningsansvaret for mellomalder kyrkjene til fylkeskommunane.

3.3 Kulturminna som ein ressurs for miljøet

I dag er mykje av fokus på miljø og klima knytt til at ein skal bygge smartare bygningar som brukar mindre energi og til utbygging av fornybar energi. Fylkesrådmannen meiner at det er behov for å ha eit noko vidare perspektiv på miljøutfordringane og i denne samanhengen må vi sjå på kulturminna som ein ressurs for miljøet. Dei verneverdige bygningane våre utgjer ein stor ressurs i sjølve bygningsmassen som vi må satse meir på i framtida. Dette ved å finne ein god bruk av eksisterande bygningsmasse, men òg som ei kjelde til kunnskap om miljøvenlege og fornybare materiale og tradisjonelle bygningsteknikkar.

Utbygging av fornybar energi i form av vass- og vindkraft fører i mange tilfelle til vesentleg tap av kulturminne og kulturlandskap. Kulturminne og kulturlandskap er ikkje fornybare ressursar og det er etter fylkesrådmannen si vurdering viktig at ein i større grad tek omsyn til kulturminna og kulturlandskapet når ein planlegg nye utbyggingar.

I den samanhengen tilrår fylkesrådmannen at ein i den nye stortingsmeldinga utgreier følgjande:

- Nye verkemiddel som styrkjer handverkskompeansen, kompetanse på gjenbruk av eldre bygningsmasse og fokus på naturlege og fornybare materialar.
- Arbeide for eit auka fokus på miljøomsyn i samband med riving for å bygge nytt, der ein synleggjer miljøgevinsten for å bevare og bruke dei bygga vi har.
- Greie ut nye verkemiddel for å bevare kulturminne og kulturlandskap i samband med kraftutbygging. Styrke fokus på bevaringa av kulturminna og kulturlandskapet slik at dei kulturhistorisk mest verdifulle områda vert skåna for kraftutbygging.

3.4 Auka fokus på bevaring

Fylkesrådmannen meiner at ein i den nye stortingsmeldinga må ha eit auka fokus på bevaring av kulturminna. Dette må gjerne sjåast i samheng med bruk og verdiskaping, men utgangspunktet må vera at målet er bevaring, medan verdiskaping og bruk vert verkemidla. Det er behov for å vidareføre, styrke og opprette nye positive tiltak for bevaring av kulturminna våre.

I den samanhengen tilrår fylkesrådmannen at ein i den nye stortingsmeldinga vurderer følgjande tema for nærare utgreiing:

- Bevaringsprogram for kulturlandskap, gjerne koplå saman med KULA-områder (kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse) og UKL-områder (utvalde kulturlandskap i jordbruket)

- Bevaringsprogram for steinkyrkjer frå mellomalderen
- Bevaringsprogram for fyrstasjonar
- Bevaringsprogram for kulturminna på NBI-registeret
- Bevaringsprogram for listeførte og freda kyrkjer.
- Nasjonal satsing på regionale bygningsvernsenter
- Vidareføring og styrking av bevaringsprogrammet for fartøy.
- Vidareføring og styrking av bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne (BARK) og bevaringsprogram for bergkunst (BERG)
- Vidareføring og styrking av Ruinprosjektet på Selja
- Fritak for eigedomsskatt på freda og verneverdige kulturminne
- Fritak for moms på restaureringsarbeider – på spesielt verneverdige og freda bygg
- Opprette eit eige prosjekt for bevaring og bruk av eldre bygningar knytt til landbruket
- Styrking av Kulturminnefondet som eit sjølvstendig fond, men med eit tettare samarbeid mellom Kulturminnefondet og fylkeskommunane

3.5 Auka fokus på bevaring og utvikling av verdsarvstadane

Unesco sin konvensjon for vern av verdens kultur- og naturarv vart vedteken i 1972. Konvensjonen sitt fremste mål er å identifisere kultur- og naturarv av universell betyding. Dette har konkretisert seg i ei liste over kultur- og naturarv, Verdsarvlista. Føremålet med lista er å verne om verden sin uerstattelege kultur- og naturarv. Noreg har i dag åtte inskripsjonar på Unesco si liste over verdens sin kultur- og naturarv. Av desse åtte ligg to i Sogn og Fjordane fylke; Urnes stavkyrkje og Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Forvaltninga og ivaretakinga av verdsarvstadane våre skal vere eit døme på beste praksis. Dette stiller krav til både den nasjonale og regionale forvaltninga og til at vi har eit hensiktsmessig og godt lovverk.

Verdsarvstadane er attraktive turistmål og har eit stort potensial i samband med næringsutvikling og verdiskaping. Utviklinga av verdsarvstadane er avhengige av at ein tek godt vare på dei verdiane som gjer at staden har blitt skrive inn på verdsarvlista. Ei utfordring knytt til verdsarven er mengda turistar som ynskjer å kome og oppleve den. Fylkesrådmannen finn det svært positivt at det er mange som kvart år besøkjer verdsarvstadane i fylket og såleis bidreg til verdiskaping og arbeidsplassar. Samstundes er det viktig at ein på verdsarvstadane legg til rette slik at verdsarvverdiane vert tekne vare på og at dei besøkjande får ein god oppleving av og kunnskap om verdsarven. Her har dei autoriserte verdsarvsentera ei viktig rolle.

Stortingsmelding 35 *Framtid med fotfeste*, som i hovudsak vidareførte stortingsmelding 16. *Leve med kulturminne*, var det sett av eit eige kapittel til verdsarv. Då verdsarven vår utgjer den mest eksklusive lista av kulturminna våre er det etter fylkesrådmannen si vurdering viktig at den også i den nye stortingsmeldinga har sitt eige kapittel og at ein utarbeidar tydelege mål for korleis vi skal ta vare på verdsarvstadane våre i tida framover.

I den samanhengen tilrår fylkesrådmannen at ein i den nye stortingsmeldinga utgreier følgjande:

- Behovet for ein sterkare forankring av verdsarven og verdsarvstatusen i lovverket
- Utarbeiding av ein nasjonal handlingsplan for verdsarven.
- Styrke oppfølginga av verdsarvstadane. Det er her viktig med nok ressursar til at ein kan ha lokale tilsette på alle verdsarvstadane som arbeider med både bevaring og formidling. I denne samanhengen er det viktig at arbeidet med autoriserte verdsarvstadar held fram og vert vidareutvikla.
- Dei små verdsarvstadane har behov for nok ressursar til at verdsarvsentera kan vere opne heile året. For å sikre kvaliteten på innhald og tilbod på sentera er det viktig at ein kan på kvart av dei ha fleire heile stillingar.
- Etablering av autorisert Verdsarvsenter for Urnes.
- Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap består av to delområder som det er stor geografisk avstand mellom. Det er av den grunn viktig at ein for Vestnorsk fjordlandskap opprettar eit autorisert verdsarvsenter i kvart av delområda. Då det allereie er oppretta eit autorisert verdsarvsenter i Geiranger, er det no viktig at ein får på plass eit i Nærøyfjorden.

3.6 Auka satsing på kunnskap om kulturminne

God forvaltning av kulturminna våre krev at ein har god kunnskap om desse. Slik kunnskap er det viktig å styrke i alle ledd av forvaltninga, samt at ein også må ha dialog med ulike lag og organisasjonar, skular og andre for å dele kunnskap. I tillegg til fylkeskommunane har kommunane her ei nøkkelrolle og fylkesrådmannen vurderer det som svært viktig at ein styrker kunnskap og kompetanse om kulturminna i kommunane. Vidare er det behov for auka kunnskap om dei regionalt viktige kulturminna og fylkesrådmannen ser at det hadde vore hensiktsmessig å utarbeida ei eiga nasjonal satsing på kunnskapsutvikling knytt til dei regionale kulturminna der ein samlar inn og formidlar vidare kunnskap om desse.

I den samanhengen tilrår fylkesrådmannen at ein i den nye stortingsmeldinga utgreier fyljande:

- Styrking av kompetansen i kommunane – oppfølging og vidareutvikling av Riksantikvaren si satsing Kulturminne i kommunen (KIK)
- Auka satsing på kunnskapsutvikling om kulturminne i samfunnet
- Større fokus på dokumentasjon av kulturminne i fylka. Behov for ei satsing på å dokumentere og registrere kulturminna i fylka
- Satsing på kunnskapsløft om kulturminne i skuleverket
- Forbetring og vidareutvikling av kulturminnesøk.no slik at den vert ei god felles digital plattform for formidling av kulturminne

4. Konklusjon

Kulturminneforvaltninga er ein viktig del av fylkeskommunen sitt virke. Av den grunn er arbeidet med ei ny stortingsmelding for kulturminnepolitikken særst viktig. I samband med regionreforma vert den regionale kulturminnestyresmakta styrka med nye oppgåver og auka kompetanse. Fylkesrådmannen finn det viktig at ein fortset arbeidet med overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane samstundes som ein og styrkar lovverket og verkemiddelbruken i samband med bevaring av kulturminna våre.

Fylkesrådmannen føreslår fyljande nytt overordna mål for kulturminneforvaltninga knytt til klima og miljøutfordringane:

- Auka satsing på klimaførebyggjande tiltak for bevaring av kulturminna.

Vidare meiner fylkesrådmannen at følgjande 6 område bør vurderast for nærare utgreiing:

- Nye verkemiddel for at regionalt forvaltningsnivå skal kunne ivareta regionalt viktige kulturminne
- Nye verkemiddel for å styrke handverkskompetansen og kompetansen på gjenbruka av eldre bygningsmasse
- Nye verkemiddel for å bevare kulturminne og kulturlandskap i samband med kraftutbygging
- Vidareføring og oppretting av fleire bevaringsprogram på kulturminneområdet
- Auka satsinga på bevaring og utvikling av verdsarvstadane
- Auka satsing på kunnskaps- og kompetanseutvikling om kulturminne i kommunane, i frivillig sektor og i skuleverket.

Fylkesrådmannen syner til drøftingane ovanfor og rår til å gjere vedtak i tråd med tilrådinga.